



Til føresette for elevar på 4.-7. trinn

LEKSEHJELP SKULEÅRET 2023/2024

Dette skuleåret tilbyr vi leksehjelp til elevar på 4.-7. trinn. Oppstart for tilbudet er i veke 36. Påmelde elevar møter i 5B sitt klasserom.

Leksehjelpa er meint å vere ei støtte til elevane sitt heimearbeid og fokus vil vere å gje hjelp til å komme i gang og til å forstå innhaldet i leksa. Det er ikkje nødvendigvis slik at elevane rekk alle leksene i løpet av den tida dei er på leksehjelpa, så vi oppmodar om at de likevel vil sjå over leksene i lag med borna heime.

Elevane kan velje mellom to tidspunkt:

- **Tysdag morgon kl.08:00-08:45**
- **Tysdag ettermiddag 14:45-15:30**

For dei som treng skyss og bur langs ruta der vidaregåandebussen køyrer, er det mogleg å fylgje denne både om morgonen og ettermiddagen. Merk at dei som fylgjer bussen om ettermiddagen må gå litt tidlegare, då bussen går kl. 15.25.

For å kunne delta på leksehjelpa, treng vi ei påmelding av eleven og vi ber om ei **tilbakemelding innan fredag 01.09**. Påmeldingslenkja fungerer fram til kl. 15 denne dagen. Ved påmelding seinare i skuleåret, ta kontakt med underteikna.

Dei som møter på leksehjelpa må vere der frå starttidspunktet og vere i klasserommet tida ut (med unntak av dei som må rekke buss heim om ettermiddagen).

[Klikk her for digital påmelding.](#)

Med helsing

Hilde Sognæs Strandos

Assisterande rektor, Naustdal skule